Fra:	Bente Utne <Bente.Utne@hfk.no>
Sendt:	onsdag 5. september 2018 10.52
Til:	Jarle Skeidsvoll
Kopi:	Bente Ingunn Skjerping; John Martin Jacobsen; Hunskaar Håvard Mørch (havard.hunskaar@vegvesen.no)
Emne:	VS: VS: Om planar for fylkesveg 360 ("Bruvikvegen")

Hei!

Her kjem likevel eit svar frå Hordaland fylkeskommune, innan onsdag kl. 12:

Osterøy kommunestyre stilte tre spørsmål i møtet 20.06.18, som vart vidaresendt til Hordaland fylkeskommune 29.08.18. Hordaland fylkeskommune svarar her på det første og siste spørsmålet, det andre spørsmålet er til Osterøy kommune.

Statens vegvesen kan ikkje sjå at det ligg føre nokon utredningar for Fv 360 på denne strekninga. Det er ein øvrig fylkesveg med årsdøgntrafikk på om lag 400, og dermed er det punktutbetring og rassikring som er aktuelle tiltak. Som kjent har Hordaland mange smale og dårlege vegar som til dels er rasutsette.

Diverre må dei øvrige mindre trafikkerte vegane vera i veldig dårleg stand før dei «når opp» med punktutbetring og/eller dekkelegging.

For Fv 360 har «Merkjesura» ein *høg skredfaktor* (nr 28 på lista for «skredsikringsbehov for fylkesvegar i Hordaland») og punkta Navena, Storaviki og Stokkaneset vest har *middels skredfaktor*, og det er også nokre stader med *låg skredfaktor* på denne lista.
Her er linken til lista:
https://www.vegvesen.no/_attachment/291615/binary/1091137?fast_title=Skredsikringsbehov+for+riks-+og+fylkesvegar+i+Region+vest.pdf

Hordaland fylkeskommune løyver årleg midlar til nokre mindre rassikringstiltak. Vi ber Statens vegvesen om å utgreia mindre tiltak frå skredsikringsbehovslista for å ha ein planreserve for mindre tiltak som ofte ikkje krev reguleringsplan. SVV utarbeidde i 2017 eit arbeidsnotat om skredsikring 2018-2021, og skriv om Fv 360 Merkjesura: *Vegen har låg årsdøgntrafikk. Tiltaket for å utbetre skredproblematikken er reinsk, bolting og fanggjerde. Det er usikkerheit knytt til kostnadsvurderingane som er gjort, men kostandene er låge i høve nytteveriden. Kan vurdere å gjennomføre enkare tiltak for å betre tryggleiken etter 2021.*

I samband med utarbeiding av investeringsprogrammet/budsjettet vurderer vi kva for tiltak som kan realiserast dei næraste åra. Vi reknar med at Merkjesura kan bli vurdert i løpet av nokre år. Om ein kan sjå desse i samanheng med dei andre rasutsette stadane på Fv 360 er for tidleg å svara på no. Prioritering blir gjort ut frå tilgjengelege midlar, framdrift for dei høgast prioriterte prosjekta, kostnad og kapasitet, nye ras og skred, mv.

Til spørsmålet om det må lagast kommunal reguleringsplan for at arbeidet skal prioriterast av høgare forvaltningsorgan, er svaret i utgangspunktet nei. Hordaland fylkeskommune saman med Statens vegvesen prioriterer etter ei overordna og heilskapleg vurdering for heile fylket. Derimot er det ein fordel om det er ein nyare reguleringsplan når eit tiltak blir vurdert/prioritert.

Vi håpar dette er svar på spørsmåla til kommunestyret.

Med vennleg helsing
Bente Utne
Seniorrådgjevar
Samferdselsavdelinga | vegseksjonen
Telefon: 91525270

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Kopi: Statens vegvesen region vest

Fra: Jarle Skeidsvoll <Jarle.Skeidsvoll@osteroy.kommune.no>
Sendt: tirsdag 4. september 2018 15:37
Til: Bente Utne <Bente.Utne@hfk.no>
Kopi: John Martin Jacobsen <John.Martin.Jacobsen@hfk.no>; Bente Ingunn Skjerping <Bente.Skjerping@osteroy.kommune.no>
Emne: Re: VS: Om planar for fylkesveg 360 ("Bruvikvegen")

Takk for svar.

Det er forståing for at det tek noko tid.

Med venleg helsing
Jarle Skeidsvoll
Ordførar, Osterøy

Sendt fra min iPhone

4. sep. 2018 kl. 15:30 skrev Bente Utne <Bente.Utne@hfk.no>:

> HEI!
>
> Hordaland fylkeskommune har sendt spørsmåla under til Statens vegvesen for eit fagleg svar.
> Dei klarar ikkje svara innan kl 12 i morgon, men vil komma attende til når dei kan gi eit svar.
>
> Med vennleg helsing
> **Bente Utne**
> Seniorrådgjevar
> Samferdselsavdelinga | vegseksjonen
> Telefon: 91525270
>
> <image002.png>

Fra: John Martin Jacobsen
Sendt: tirsdag 4. september 2018 15:19
Til: Bente Utne <Bente.Utne@hfk.no>
Emne: VS: Om planar for fylkesveg 360 ("Bruvikvegen")

Fra: Jarle Skeidsvoll <Jarle.Skeidsvoll@osteroy.kommune.no>
Sendt: 4. september 2018 12:42
Til: John Martin Jacobsen
Kopi: Bente Ingunn Skjerping
Emne: Re: Om planar for fylkesveg 360 ("Bruvikvegen")

Hei John Martin,

Eg veit ikkje kva tidsperspektiv de har sett for eit svar på førespurnaden vår sist veke, men om det er eit avgrensa arbeid og/eller de er nær eit svar, ville det vore strålande å ha dette før kl. 12 førstkomande onsdag.
Om det ikkje er råd, gje gjerne ein indikasjon på når de tenkjer det kan vere på plass.

Med venleg helsing
Jarle Skeidsvoll
ordførar, Osterøy

Fra: John Martin Jacobsen <John.Martin.Jacobsen@hfk.no>
Dato: torsdag 30. august 2018 08:15
Til: Jarle Skeidsvoll <Jarle.Skeidsvoll@osteroy.kommune.no>
Kopi: Bente Ingunn Skjerping <Bente.Skjerping@osteroy.kommune.no>
Emne: Re: Om planar for fylkesveg 360 ("Bruvikvegen")

Hei, og takk for forespørsel. Vi følger opp og gi deg ei tilbakemelding.

Mvh John Martin

Sendt fra min Samsung Galaxy-smarttelefon.

-------- Opprinnelig melding --------
Fra: Jarle Skeidsvoll <Jarle.Skeidsvoll@osteroy.kommune.no>
Dato: 29.08.2018 15:13 (GMT+01:00)
Til: John Martin Jacobsen <John.Martin.Jacobsen@hfk.no>
Ko: Bente Ingunn Skjerping <Bente.Skjerping@osteroy.kommune.no>
Emne: Om planar for fylkesveg 360 ("Bruvikvegen")

Hei John Martin – og takk for sist.

I heradstyremøtet 20.06.18 vart det i Osterøy reist følgjande spørsmål knytt til «Bruvikvegen»:

«Heradsstyret ber rådmannen koma tilbake med ei sak som gjev oversyn over følgjande om fylkesveg 360 mellom Stokke og Bruvik

- *Kva planar finst allereie for utbetringar og sikring*
- *Kva vil ei kommunal kartlegging av skred- og steinsprangfare på strekninga kosta?*
- *Vil kommunen måtta laga ein reguleringsplan for at dette arbeidet skal kunne prioriterast inn hjå høgare forvaltningsorgan?»*

Osterøy kommune utarbeidde tidleg på 2000-talet med ei skisse til oppgradert veg mellom Stokke og Bruvik. Dokumentasjonen frå dette vil bli langt fram for formannskapet.

Men då fylkeskommunen er vegeigar, er de naturleg å vidareformidla spørsmåla til dykk.

Me er kjend med offentlege planverk og handlingsplanar, men ville setja stor pris på ei enkel samanstilling av vurderingar, planar og handlingsplanar for mindre og større tiltak (vegutbetring, skredsikring, etc.) knytt til fylkesveg 360.

Ta gjerne kontakt for kommentarar og spørsmål.

Med venleg helsing

Jarle Skeidsvoll
ordførar

<image001.png>
T / 56 19 21 21 E / jarle.skeidsvoll@osteroy.kommune.no
M / 91 56 19 53 W/ www.osteroy.kommune.no
Sjå vår brosjyre
Osterøy kommune Rådhusplassen 5282 Lonevåg Org. nr.: 864 338 712